

Førde 2. september 2016

## Utgreiing om fylkesmannen sin framtidige struktur

Det blir vist til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om innspel til utgreiing om fylkesmannens framtidige struktur, datert 8 juli 2016.

Utgreiinga presenterer på ein oversiktleg og grundig måte utfordringar for den regionale stat i framtida, den peiker på historiske trekk ved embetet, dilemmaer med omsyn til kva for prinsipp som skal takast omsyn til (fagleg og økonomisk bærekraft, geografisk funksjonalitet, tilgjenge for kommunar og innbyggjarar, samvirke og samordning med staten, og tilhøve til ein mogeleg modell for folkevalde regionar), og dei roller og oppgåver fylkesmannen til ein kvar tid skal ivareta.

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS) merker seg særleg embete sin eingenart som eit desentralisert og kommunenært statleg forvaltningsorgan og meiner dette òg må vere sentralt i framtida.

Scenariomodellen der ein presenterer tre ulike modellar, ein konsolideringsmodell tilsvarande i dag og med 14 til 17 embeter, ein regionmodell som betyr mellomstore einingar på mellom 8 og 13 embeter, og ein landsdelsmodell med 4 til 7 embeter, fungerer godt som illustrasjon på kva type modell ein ser føre seg, avhengig av kva prinsipp ein vil vektlegge.

Med bakgrunn i dette har Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS) lagt til grunn nokre hovudpunkt i vår fråsegn om fylkesmannen si framtidige organisering.

- *Sunnfjord (SiS) meiner fylkesmannen si organisering og struktur i framtida må samsvare med dei utfordringar vi ser vil kome med omsyn til dei endringar som følgje av fleire reformer både innan kommunesektoren, dei folkevalde regionane, og statleg sektor.*
- *SiS meiner vidare at ein framtidig organisering for fylkesmannen må spegle framtidig modell for folkevalde regionar. SiS meiner likevel prinsipielt at ein modell for folkevalde regionar bør avgjerast før ein bestemmer val av modell og lokalisering for fylkesmannen*
- *Ut frå dette meiner SiS at regionmodellen for fylkesmannen si framtidige organisering vil vere den best eigna.*

- *Kommunane må vere fylkesmannen sin viktigaste brukar og samarbeidspart. Det set særleg krav til geografisk funksjonalitet og tilgjenge for kommunar og innbyggjarar. Val av regionmodellen må derfor sikre særskilde organisatoriske løysingar som ivaretek at staten på ein tilfredsstillande måte er nær der folk bur og lever.*
- *SiS vil støtte framlegg om at Leikanger blir hovudsete for den nye eininga.*
- *SiS vil vidare vise til dei erfaringar fylkesmannen har med to-delt lokalisering og meiner fylkesmannen si landbruksavdeling må bli verande i Sunnfjord. Med den kompetanse og erfaring landbruksavdelinga har, vil det samstundes vere naturleg at avdelinga kan få ansvar for landbruksforvaltninga for heile det nye embetet.*
- *SiS meiner avslutningvis at Sunnfjord med dei erfaringar i dag med statlege arbeidsplassar innan forvaltning, helse, undervisning og forskning, og energiforvaltning, vil vere særleg eigna for å ta i mot nye arbeidsplassar.*

Leiar i Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS)

Olve Grotle